

Referat fra foreldremøte SFO 13.09.23

Audhild ønskte velkommen . Rektor Vibecke Samuelsen var innom og presenterte seg.

Rammeplan for SFO

Det kom rammeplan for SFO i -21. Det skal vere eit arbeidsreiskap som skal bidra til ein likeverdig SFO av god kvalitet over heile landet. Der står mykje om kva SFO skal omhandle. Du finn den her [Rammeplan for SFO \(udir.no\)](#) Rammeplanen seier no at alle SFO-ar skal ha ein årsplan og litt om kva den skal innehalde.

Heimeside: På heimesida til skulen [Vestbygd Skule - Nyheiter \(minskole.no\)](#) kan ein gå inn på SFO si side. Der blir lagt ut årsplan, vedtekter og andre skriv. SFO legg og inn bilet og tekst frå hendingar på SFO. Vi nyttar berre bilet av born der føresette har samtykka, og vi skriv ikkje namn på borna. Passordet for å gå inn på bileter på SFO-sida, hør med Audhild.

Matjungelen

Vestbygd SFO er med i [Matjungelen – Matjungelen](#), ein informasjonskanal om mat og måltid for SFO. Dei har forskjellige tema for kvar månad. No er det mat i sesongen.

Vi har tatt opp poteter frå vår eigen potetåker, rett ved den rauda leikehytta. Småpotetene kokte vi med mykje salt og serverte borna som snacks. Borna skal få lage si eigen potetchips torsdag eller fredag.

Vi har og plan om å lage grønsaksuppe der borna får skrelle og skjære opp grønsaker ein dag og koke suppe neste. Vi skal starte opp med «veks smak» etter haustferien. I vedlegg ligg smakar vi hadde i fjor.

Årsplan

Vi gjekk gjennom årsplan: sjå vedlegg. Vil du ha årsplan i papirformat så gje eit ord.

Gymsal – bruk. Foreløpig sporadisk. Har nytta dagane ute når det har vore fint vær. Etter haustferien vil vi prøve å ha faste dagar.

Ny foreldrerepresentant for SFO er Michelle Meagher, mor til Emma Sofie i 1. kl.

Uteområde. Det er kjempestor overgang frå barnehage med gjerde rundt, til ein uteplass utan stengsler. På skulen kan borna gå rundt heile skulen.

På SFO bruker vi 1+2 plass. 1-ar plass er sida ein kjem til frå parkeringsplassen der 1. kl har sin inngang og haugen med seglebane, 2-ar plass er sida med humpedisser, basketbane og skogen. Vi har ikkje bemanning til å ha kontroll på større område.

SFO brukar fotballbana av og til, då saman med ein voksen eller etter avtale med enkeltgrupper.

Borna er flinke til å halde seg på området. Kl. 15.30 samlar vi alle borna på 1-ar plass for å ha oversikt.

Bemanning. Det er 16 born pr. voksen etter vedtekten. Det er stor forskjell frå barnehage. Vi prøver å utnytte bemanninga slik at vi kan gjere kjekke ting med borna. Vi lagar/serverer mat 3 dagar for veka, brukar gymsal og legg til rette for leik og hobbyaktivitetar.

Vi har sending av born og oppdatering av lister. I hentesituasjon kan det til tider virke som det er lite voksne. Det kan vere ein voksen som må løyse opp i konfliktar samstundes som ein annan sender born. Sørg alltid for at ein voksen får med seg at du hentar. Vi har alltid ein voksen som har sending og oversikt over kor borna er. Dei andre voksne har gjerne spesielle oppgåver og har då ikkje oversikt over kvar ditt born er. Det er mange beskjeder og informasjon som må overførast dei voksne imellom i løpet av SFO- tida. Det kan kanskje til tider virke som dei voksne berre «står og pratar saman». For å ha ein god oppfølging av borna treng vi å samkjøre opplysningar. Nokon voksen kjem frå timer i storskulen, og nokon skal kanskje gå. Nokon har vore på kjøkkenet eller i gymsal med grupper. Håpar de føresette har forståing for det.

Klede: Vi har mange born. Vi passar på at alle har regntøy på når det regnar, om dei har med, og at dei stort sett går fornuftig kledd etter veret. Nokre born er varmblodige og nokre frys lett. Det er stor forskjell på kva foreldra meiner dei skal ha på seg. Du må sjølv snakke med ditt born om kva det skal

ha på seg. Born som ikkje har med ytterklede etter veret, særstegn regntøy, skapar mykje ekstraarbeid for oss. Det er avgrensa kva vi når over. Vi klarar ikkje å passe på at borna har dei plagg foreldra gjerne ynskjer dei skal ha under yttertøy.

Visma føresettportal- meldingsteneste.

Beskjedar kan de no legge rett i visma. Sjekk at de legg meldinga på rett dag. Det kan leggast inn gjentakande beskjedar eller gjeldande for ein dag. Litt obs her.

Faste avtalar er å føretrekkje. Meldingar må seinast leggjast inn før kl 10 same dag for å sikre at dei blir lest. Dei som ikkje ynskjer å nytta Visma kan sende ein SMS melding til SFO mobilen 40907662.

Vi loggar borna inn og ut dei fleste dagane i same system. Vi nyttar for tida mobil og pc i dette arbeidet, undervegs i dagen – difor vil de sjå oss nytta mobil. Systemet er nytt og kom no i haust, vi er framleis i opplæringsfasen og kjem til å bruke tid på å lære oss og tilpasse bruken.

Hjelparar: Elevar frå 7.kl. skal etter haustferien få hjelpa til på SFO måndagar. Dei er 2 stk. om gongen, 4 veker kvar, i utgangspunktet. Dette kan endrast om det er mange/få som vil vere hjelparar. Dei leiker med borna og hjelper til med forskjellige ting. Dette har vore veldig kjekt for borna tidlegare år.

Henting av borna av andre enn foreldra, går fint utan at de gir beskjed så lenge det er nokon barna kjenner. Har de nokon som ikkje skal hente borna så gi beskjed om det.

Tillegg: Dette fekk eg ikkje tid til å seie på møte, men viktig ting.

Avtalar om å bli med heim til andre er det fint om de kan gjere ein annan plass enn på SFO. Det er sårt for dei borna som ikkje blir bedt med heim. Ein del foreldre oppfattar det som stressande å bli møtt med spørsmål om nokon kan være med heim når dei kjem for å hente.

Borna som er ferdig på SFO eller ikkje går på SFO kan ikkje bruka skuleplassen før etter 16.30.

Ref: Audhild
15.09 23